



Marny Skeie Henkel er prosjektleiar for Lølandmarkeringa.

Lølands apostel

Marny Skeie Henkel har på ingen måte gitt opp draumen om å opna eit Løland-senter på Sand om to år.

Esther Moe

Visjonen er eit senter som skal kveikja leselysta til barn og unge, skrivekløen i barnbokforfattarar, men som også skal vera ein kompetansesentral for barnehagar, skule og kulturskular. Og sist, men ikkje minst, eit hus for lek, oppleving og fantasi som barn skal vilja gi litlefingern for å få reisa til.

Pirrande og leikande

– Ikkje traust, ikkje tivoli. Men noko som pirrar, noko som får folk til å stoppa og

seia hmm. Nyleg heimkommen frå studietur i Danmark, er Marny Skeie Skeie påfylt ny inspirasjon til å kjempa vidare for det som er meint å bli eit varig resultat, når den fem år lange prosjektperioden er over.

Når statsbudsjettet i denne omgang ikkje gav utteljing for senteret og dei omsøkte 800 000 oppstart-kronene, er jobben nå å få rogalandsbenken på Stortinget, kulturkomiteen og den nye kulturministeren til å fatta begeistring for eit Lølandsenter eigd og drifta av Ryfylkemuseet.

Skeie Henkel er fullt klar over at årevis med Løland-markering kan gjera suldølen forsynt og vel så det. Og seier ho med vilje ligg litt lågt med lokale aktivitetar, før det igjen brakar laus i Suldal

i 2011. – Då får me to store konferansar lagt til Sand, Landsamanslutninga av nynorskkommunar kjem, og nå har eg fått vita at Noregs Mållag også vel seg Sand, fortel ein svært glad prosjektleiar som nå konsentrerer seg om oppfølging av Løland-aktivitetar som pågår andre stader i landet.

– Løland breier om seg, me blir møtt veldig positivt rundt om, fortel prosjektleiaren som sjølv pendlar mellom Odda og Suldal. Ho er full av lovord over samarbeidet med så vel Ryfylkemuseet og Garborgsenteret som kommunen og lokale medspelarar. – Og eg har sagt til Roy (Høibo, direktør ved Ryfylkemuseet, jour.merkn.) at i 2011, då skal me opna Lølandssenteret. Uansett. Ho stoppar og ler, og forsikrar at då er det også, uansett alt, slutt på hennar tid som Løland-brøyt.

Fakta:

Stiftinga Rasmus Løland er ei ideell stifting som arbeider for ei markering av livsverket til Løland. Markeringa har eit budsjett på totalt 10 mill. kr og går frå 2007-2011. Blant samarbeidspartnarane og bidragsytarane er Rogaland fylkeskommune, Haugegesunds Avis, Sparebank 1 SR-Bank, kulturdepartementet og Ryfylkefondet. Suldal kommune har løyvd 1 750 000 kroner til markeringa, fordelte frå 2007 og fram til og med 2012. Suldal betalar også 100 000 kroner året til kontorutgifter for stiftinga.

Robin Good

Hvis ingen ser tårene dine, kan du ringe til oss.

Er du over 62 år og utsatt for vold, trusler, trakassering eller andre handlinger som virker krenkende, er du ikke alene. Nå kan du ringe den landsdekkende kontakttelefonen og få støtte, råd og veiledning. Her blir du møtt av fagpersoner som har tid til å lytte. Åpen mandag - fredag fra 9 -15. www.vernforeldre.no

Vern
for eldre
Nasjonal
kontakttelefon
800 30 196